

Lars Vikør:

## Kommentarar til vedtaka i rettskrivningsnemnda 14.9.2010

Eg tillèt meg å halde fram med å kommentere vedtaka i nemnda, men det er ikkje mye eg har å innvende denne gongen. I det store og heile verkar det for meg som nemnda er inne i eit godt spor og gjer forstandige avvegingar, så det blir mest eit enkeltord her og der ein reagerer på. Men neste runde vil jo innehalde noko av det tyngste og vanskelegaste i heile arbeidet, etter sakspapiret å dømme, så det blir interessant og viktig korleis nemnda taklar dei vanskane.

Så dei få konkrete innvendingane eg har. Berre eitt enkeltord:

*børse / bøsse*: Eg vil gjerne behalde *børse* også for sparebørse o.l. Ein ting er at eg sjølv alltid har sagt og skrive det og oppfatta ”*bøsse*” som ei litt uvedkommande bymålsform; *børse* er det tradisjonelle i nynorsk. Men etter det eg kan sjå i kjeldene våre (på ordboka), er -rs-uttalen vanlegast i dialektane, i alle fall dei ikkje-urbane (relativt sett, dette er ikkje eit ord mange har skrive inn om), mens *bøsse* (vel innkomme i nynorsk i 1959) ser ut til å ha fått eit ganske solid overtak i nyare skriftspråk. Likevel meiner eg at *børse* framleis står så sterkt blant nynorskbrukarar at det bør vere jamstilt, i alle fall til neste generasjons revisjon.

Adjektiv og adverb:

Komparativen *nørdre* kunne eg nok tenkje meg å behalde, både fordi det har god dialektforankring i delar av landet, og pga parallellet med *nørdst*. Denne typen topografiske ord(former) har ofte ei ekstra stor betydning i dialektane på grunn av den lokale identifiseringsfunksjonen dei har som ledd i namn osv. Men eg foreslår ikkje andre endringar i forhold til framleggelsen. (I Gudbrandsdalen er det vanleg med *nørdre – nørdst*, men *søre – synst.*)

Pronomen:

I og med at de skal vurdere *dokker / dåkker* opp mot *de / dykk*, så bør de fokusere på dette å ha ulike former som subjektsform og oblik form (objektsform). Skiljet *de – dykk* er ikkje like greitt for alle lenger, ved sida av at *de* sjølvsagt kolliderer med 3. person (bokmål *de*, som i dialektane ofte har ein uttale *di* o.l.). Ein skal eigentleg uttale *de* som /de/, ikkje /di/, men det kolliderer med *det* og er òg lite praktikabelt. Alternativet jamstilling av *dykk* i subjektsposisjon bør kunne vurderast, jf. gudbrandsdalsk *døkk*, (nyare) trøndersk *dåkk*, som kunne ”dekkjast inn” av *dykk*. Eg er noko etterhalden til *dokker / dåkker*, men eg ser (rettare: hører) at det er svært ekspansive former, som kanskje tvingar seg inn uansett. Elles må jo det tilsvarande eigedomspronomenet *dykkar* vurderast i same slengen, som det òg blir antyda i referatet.

Determinativ:

*nokon / noen*: Om dette har eg uttala meg før og gjentek meg ikkje no, men nemnda bør altså sjå på fordelinga mellom *nokon* og *nokre* i fleirtal og regelfestinga der.

Verb:

Det blir nok kamp om den kløyvde infinitiven og supinum på *-i*, men eg går ikkje inn på det her.

Eg støttar stadig det meste, så langt det gjeld vedtaka frå dette møtet (moglegvis blir det meir å ta opp kritisk i neste omgang). Men eg kan nemne det argumentet for å godta *sto* av *stā* at det her ikkje er nokon *d* i bøyinga elles (det heiter *ståande*, *stått* osv., jf. *bedande* – *bedt*, *dragande* – *dragar*, *givande* – *givar* – *utgiving* (eller *gjev-*) osv.). Derfor står den lydrette forma *sto* sterkare (så lenge ein ikkje dreg inn den eldre bøyinga *standa* – *hev stade*, sjølvsagt) enn i dei andre verba, der formene *bad*, *drog* og *gav* er eineformer.